



Bykle kommune
Bykle ser langt

Utviklingstrekk for Bykle kommune 2024

Grunnlag for kommuneplanens samfunnsdel

Versjon 08.05.24

Kunnskapsgrunnlag

- Omtale av utfordringar i gjeldande samfunnsdel (2017) og økonomiplan (2022)
- Kommunestyret si høyringsuttale til KS' debatthefte «Evne til å bære», 2023
- Kommunebarometeret 2022 (Kommunal Rapport)
- Kommunefakta 2022 (SSB)
- Norge i tall 2023 (KS)
- Bykle. Utval statistikk for gjennomgåande tema i regionplan Agder (2022, Agder fylkeskommune)
- Statistikk om kommuneansatte (KS 2022)
- Arealregnskap for Agder (Agder fylkeskommune)
- Regional analyse for Bykle 2021 (Telemarkforskning)
- Overordna ROS for Setesdal, 2020
- Klimaprofil Agder 2021 (Norsk klimaservicesenter)
- Questback til næringslivet
- Status for næringsareal i Bykle kommune, 2020
- Reise og oppleve. Reisemål for en berekraftig framtid. NOU 2023:10
- Kvalitetsnorm for villrein 2021 (NINA), utkast til tiltaksplan for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke (2023)
- Kommunevise klimagassutslepp (Miljødirektoratet 2023)
- Kartlegging av bustadtomter på Hovden 2022
- Ubebygde fritidstomter i Bykle kommune april 2023. Tabell (Bykle kommune)
- Oversikt over kommunalt eigde bustader. Mai 2023, notat (Bykle kommune)
- Bustadtomtereserve på Hovden – sak 24/23 til planutvalet med vedlagt notat 6.2.23
- Folkehelseprofil Bykle 2023
- Folkehelseoversikt for Bykle 2023
- Brynjeprojektet (arbeid og inkludering) 2024
- Bærekraft i distriktskommunar (2022)
- Oppvekstprofil Bykle 2023
- Ungdata 2022
- Leve hele livet, rapport 2023
- Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle 2022
- Foreldreundersøking for grunnskulen i Bykle 2022
- Utfordringsnotat frå tenesteleiarane 2022
- Uttale til planprogram frå Agder fylkeskommune. Brev, 8.6.23
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2023


Stort fødsleoverskott og netto innflytting siste 10 år



Folketallet
3. kvartal 2023

1 002 innbyggere


Kjelde: SSB





Utviklingstrekk

Sosial berekraft





Utgangspunktet: Ein kommuneøkonomi som tillet eit godt tenestetilbod til innbyggjarane

God kommuneøkonomi har gitt eit høgt nivå med høve til omfattande bemanning i tenestene. Bemanningsutfordringar er knytt til rekruttering, ikkje manglande lønsmidlar. Høve til å sjå alle innbyggjarane sine behov.

Det er stadig meir krevjande å rekruttere og behalde personell til kommunalt tenestetilbod


Det er utfordrande å rekruttere personell med høg utdanning til fleire tenester der dette er naudsynt. Mangel på kapasitet i tenestene gir høg arbeidsbelastning på tilsette og har difor ei sjølvforsterkande effekt.

Meir spesialisert lærarutdanning gjer det krevjande å få tak i kvalifiserte lærarar for små skular der lærarane må dekke fleire fag

Innanfor helse kan utfordringa bli forsterka når kommunane framover skal handtere meir komplekse sjukdomssituasjonar for pasientar som tidlegare fekk eit tilbod på sjukehuset.

Kompetanse søker kompetanse og fagnettverk. Avgjerande å vere knytt til interkommunale fagmiljø og spørsmål om det er mogleg å rekruttere og behalde tilstrekkeleg kompetanse utan ytterlegare eksternt samarbeid.

Aukande turnover i helse det siste året



Kjelde: Statistikk om kommuneansatte (KS)



Utnytting av digitalisering i tenestene krev kompetanse

Digitalisering krev kompetanseheving hjå tilsette for å løyse oppgåver.

Digitalisering har gitt potensiale for eit meir fleksibelt arbeidsliv, som kommunen kan utnytte for å møte nokre av utfordringane med å rekruttere og behalde



Skjult fattigdom

Regional og nasjonal trend med auke i innbyggjarar som lever i familiar med vedvarande låg inntekt ser ikkje ut til å gjelde Bykle. Kommunen opplever likevel at auka kostnadsnivå har auka den skjulte fattigdommen blant einslege og låginntektsfamiliar, m.a. flyktningar.

Flyktningar er ein potensiell ressurs, men det er behov for individuell, lokal oppfølging med tilpassa ordningar for å få utnytta potensialet

Manglande kollektivtilbod stillar krav om eigentransport og gjer at mange slit med å nyttiggjere seg av tilbod og arbeid.

Folkehelseoversikten viser at Bykle har eit godt utgangspunkt

Tryggleik

Mangel på sosiale møteplassar

Natur og friluftsliv

Einsemd

Luft- og drikkevatskvalitet

Manglande kollektivtransport

Sosioøkonomiske
ressursar

Høg fullføringsgrad VGS

Utanforskap

Kultur- og fritidstilbod

Utanfor utdanning / arbeid

Høg sysselsetting

Aldersbæreevne





Gode oppvekstvilkår, men...

Ungdom rapporterer om gode oppvekstvilkår, og Ungdata viser en god del gode resultat samanlikna med nasjonale tal, men det er eit par tydelege unntak:

- 20% synest kollektivtilbodet er bra (Agder 60%, nasjonalt 65%)
- 24% har blitt mobba kvar 14.dag (Agder/nasjonalt 7%)

Synkende elevtal i barnehagar og skular

Utfordringar med små einingar med omsyn til fagmiljø, nærmiljø og psykososialt miljø.

Lite miljø og få å spele på, kan føre til at ein anten er innanfor, elles så er ein utanfor. Dette kan føre til utanforskap og einsemd

Næringsliv med store sesongvariasjonar på Hovden påverker befolkningsamansetning og sosialt miljø




Uunngåeleg demografiutvikling inneber betydeleg auke i tal eldre

Personar i aldersgruppa 80-90 vert nær dobla i løpet av dei neste 10 åra, det vil sei betydeleg redusert aldersbæreevne sjølv om prognosar om forsiktig folketalsauke slår til.

Velferdsteknologi kan bidra til effektivitet, men det vil vere behov for hender og kompetanse for å gje naudsynte tenester på forsvarleg nivå.

Behov for å legge til rette for at brukarane vert ressursar i eige liv og for kvarandre. Vil og vere behov for å mobilisere lokale ressursar ut over dei offentlege.

Meir variert befolkningsmiks i Bykle enn i samanliknbare kommunar på grunn av reiselivsnæringa.



Kjelde: Agdertall



Turistsatsing gir press på helse- og omsorgstenester

Kommunen er forplikta til å gi naudsynte tenester til alle som bur eller opphelder seg i kommunen. Store svingingar i folketal og tre timar til sjukehus gjer dette krevjande, særleg for legevakttilbodet, som allereie periodevis er under grensa for kva som er forsvarleg.

Det vil og bli fleire eldre hyttebuarar, og kommunalt helse- og omsorgstilbod må tilpassast mål for auke i hytteturisme og reiseliv.

Tenestetilbodet er bygd opp for eit større innbyggartal enn dei som bur i kommunen – større fagmiljø, ofte pilot for utvikling av ny teknologi pga. stort fagmiljø

- Et minisykehus på Hovden

Hovdens nye helsebygg til 25 millioner kroner betegnes av kommunelege Hanne Straume i Bykle og Valle som et lite minisykehus, topp egnet for akuttmedisin og andre helsetjenester.



Bykle-ordfører Jon Rolf Næss testet apparatene hos fysioterapeuten. Kommunelegene Hanne Straume (med krykker etter et fall på isen) og Maren Østvold gleder seg til å i bruk det moderne helsehuset på Hovden. Foto: **Johs. Bjørkeli**

Fakta om bustader i Bykle


Omfanget av bustadbygging har variert over tid. Ein del utbygging 2015-18, men berre ein bustad i 2019 og ingen i 2020-21. I 2022 blei det bygd 3 nye bustader.

4-5 ledige regulerte tomter, moglegheit for fortetting og avsett areal til nye bustadfelt på Hovden.

Stor del av bustadmassen er einebustader, men under 2 personar pr hushaldning og relativt få leiligheiter og mindre einingar.


Forskrift om nedsett konsesjonsgrense (2019) inneberer buplikt for bustadfelt i Bykle sentrum og Hovden

Rekruttering til næringsliv på Hovden er krevjande på grunn av manglande bustader for sesongarbeidarar.



Tal fullførte bustader pr 1000 innbyggjarar (Telemarkforskning 2022)

Boligmassen i Bykle 2023



Kommunen er ein betydeleg aktør i bustadmarknaden

Kommunen tilbyr utleigebustader til dei med bustadsosiale behov, flyktningar, ungdommar og til kommunalt tilsette. Tildeling skjer etter eige regelverk.

Kommunen eig 54 bustader, derav 6 einebustader, for utleige:

- Bykle: 31 bustader (einebustader, 2- og 4-mannsbustader). Midlar avsett til ungdomsbustader
- Hovden: 23 bustader (einebustad, 2- og 4-mannsbustader og omsorgsbustader). To kommunale leilegheitsbygg under etablering (halvparten vil vere eie til leige)
- I tillegg: 10 bygg med bufellesskap (normalt utleigd til Skigymnaset).

Låge prisar for leige av kommunal bustad og manglande fungerande rutinar som sørger for midlertidigheit i bustadforhold gir lite incitament for å kjøpe eigen bustad for dei som ikkje har bustadsosiale behov. Dette fører til manglande rullering i bustadene.

Kommunen manglar ein heilskapleg bustadpolitikk. Forventningar til at kommunen skal tilby bustad for andre enn dei med bustadsosiale behov, som i utgangspunktet er det kommunale ansvaret.



God dekning av bustadtomter og bustader. Demografiske endringar kan gje behov for mindre bueiningar til leige og eige i fleire prisklassar

Kartlegging viser at det er tilgang på bustadtomter, men det er ei utfordring at byggekostnader som regel er høgare enn marknadsverdi av eit nybygg

Tilgang på bustad blir trekt fram som ei utfordring blant næringsdrivande. Det kan vere krevjande å skaffe høveleg bustad om ein ikkje er kommunalt tilsett. Behov for bustad for korttidsbruk, t.d. sesongarbeidarar

Enkelte bustader nyttast som fritidsbustader på tross av bupliktforskrifta, men kommunen har godt etablerte rutinar for å følgje opp regelverket. Bustader som ikkje er omfatta av forskrifta har kommunen derimot ingen moglegheit til å følgje opp.

Det finst eit bustadpotensiale i tomme gardsbruk. Manglande oversikt og virkemidlar


Fjellby og fjellbygd - Hovden og Bykle med ulik utvikling og dobbelt tenestetilbod

Hovden er ferie- og reisemålsorientert med stor grad av private initiativ. Bykle fjellbygd er administrasjonssentrum, har landbruks- og bygdelivsorientering, noko næringsaktivitet og tilbod drive av kommunen.

Behov for positiv og differensiert utvikling av dei to stadene som understøtter heilskapen og bygger på eigenarten og samarbeid mellom næringslivet i Bykle og på Hovden.

Spreidde sentrumsfunksjonar i Bykle fjellbygd med få møteplassar, Hovden har eit tydelegare sentrum med møteplassar

Dobbelt tenestetilbod er ressurskrevjande og gir små miljø for tilsette og brukarar.



Stort engasjement i lokalsamfunnet

I følge ei innbyggjerundersøking frå april 2022 ønsker mange å bu i kommunen i framtida (78%).

73% føler seg inkludert og delaktig i lokalsamfunnet.

Heile 80% seier dei er engasjert i utviklinga av kommunen.

Valgresultat 2023

 **Bykle**

Fremmøte

71,1 %



Norge

Fremmøte

62,5 %



Utviklingstrekk

Miljømessig berekraft






Naturverdiar og kulturverdiar under press

Det er store naturverdiar i Bykle, og 62% av kommunen er bandlagt etter naturmangfoldlova

Naturen og fellesgodene er dei største attraksjonene for reiselivet.

Nasjonal og lokal utfordring at reiselivsaktivitet kan medføre forstyrning av dyreliv, slitasje, press på infrastruktur, forureining, nedbygging og trengsel.

Hyttebygging er hovudårsaken til nedbygging av kulturminne




Område verna etter naturmangfoldlova markert med raud skravur (naturbase.no)



Villrein

- Kommunen har ansvar for å ta vare på villreinstammene i Setesdal Austhei (middels kvalitet) og Setesdal Ryfylke (dårlig kvalitet).
- 6 av 10 nasjonale villreinområde fekk i 2022 raudt lys etter kvalitetsnormen for villreinen → tiltaksplanar utarbeidast for kvart område. Årsaka er samansett, men sentralt er at vegar, kraftutbygging og ferdsle i utsette område har stor negativ effekt på vandringsmoglegheitane til villreinen
- Forslag til tiltaksplan for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke:
 - Stenge Urevassvegen for allmenn motorisert ferdsel i barmarksesongen (gjennomført)
 - Stenge vegen opp Uraråjuvet (gjennomført)
 - Stenge tunnelane på Vatnedalsvegen for å hindre sykkelturisme (ikkje gjennomført)
 - Flytte Storsteinhytta lenger nord-vest og delvis legge om turistvegen forbi Steinsbuskaret (ikkje gjennomført)
 - Legge ned løypa inn til Berdalsbu (ligg i kommunedelplanen)
- Tilrettelegging av løypetraser, både for sommar og vinter, må blir vurdert opp mot omsynet til villrein. Omsynet kan gjere det krevjande å få til gode koplingar.





Naturforbruk og langsiktig perspektiv på hyttebygging

Auka merksemd på negative konsekvensar av nedbygging av natur frå mynde, lokalbefolkning og hyttefolk.


Stor arealreserve for hyttebygging, hovudsakeleg i midtregionen. Det er likevel press på areal, særleg i sentrale område på Hovden.

Regulerte fritidsbustader/under regulering: 660 på Hovden og 950 i midtregionen

Avsett til fritidsbustad, ikkje regulert: 280 (midtregionen)

Auka etterspurnad etter meir berekraftig hyttebygging med t.d. mindre tomter og einingar, deleløysingar, betre tilpassing til landskap og natur (off-grid, mikrobygg – moglegheit for å vere pilot).

Forventningar frå staten om arealstrategiar i kommuneplanens samfunnsdel for å sjå samfunns- og arealutvikling i samanheng, at kommunane set seg mål for å redusere nedbygging av natur og at tidlegare godkjent arealbruk vurderast på nytt



Forventning om reduksjon av klimagassutslepp

Kommunanes klimagassutslepp skal bli redusert med 50% innan 2030 (mål for Agder). Potensialet for kutt i direkte utslepp ligg i redusert fyring og drivstoff-forbruk.


Moglegheiter innan hydrogen og meir miljøvennleg transport?

Om lag 1000 daa av planlagde byggeområde, i hovudsak område for fritidsbustader, ligg på myr, som bind store mengder karbon. Dersom alt byggast ut, vil klimaeffekten tilsvare 11 gonger årleg (2021) klimagassutslepp frå Bykle.


Store delar av kommunens areal er bandlagd til kraftproduksjon som er fossilfri.

Næringslivet har auka fokus på klimavennlege løysingar gjennom verktøy som sertifiseringar, der tiltak som krav til produksjon, bruk av råstoff og transportbehov blir vurdert.

Auka krav til å prioritere klimavennlege løysingar for kommunens eigen drift og aktivitet.



Kjelde: Miljødirektoratet 2023





Utviklingstrekk Økonomisk berekraft






Ein for stor andel av arbeidsstokken står utanfor arbeidslivet

30% av tilsette har sin arbeidsplass i kommunen (42% av kvinnene, 15% av mennene). Likevel har Bykle høgare andel tilsette i privat sektor enn snittet for Agder.

Sysselelingsandelen er høg, men likevel står om lag 100 av 650 personar i arbeidsfør alder permanent eller mellombels, heilt eller delvis utanfor arbeidslivet:

- Uføre: 38 personar
- Nedsett arbeidsevne: 31 personar
- Arbeidssøkarar: 10 personar
- Flyktningar: 29 personar



Bykle vaskeri vart etablert hausten 2023 med varig tilrettelagte arbeidsplassar.



Kjelde: Brynjeprosjektet 2024

Pendling

- 28% er innpendling til Bykle, 20% er utpendling
- Størst innpendling frå Valle og Telemark (tala er sterkt påverka av ein større privat aktør)



Kommuneøkonomi med høge inntekter, men framtidige økonomiske rammer er uforutsigbare


Kraftinntektene kan bli endra ved at dei innlemmast i inntektsutjamninga, fjernast eller reduserast. Truleg vil kommunen og i framtida ha relativt god økonomi og dermed mange moglegheiter.

Tilbakevendande statlege utgreingar som omhandlar kraftskatt gir usikkerheit for vasskraftkommunane.

Nye oppgåver tilførast kommunen utan at det følgjer ressursar med frå staten.

Svært høge driftsutgifter pr. innbyggjar

Økonomiske ringverknader av fritidsbustader er ikkje kartlagt



Reduserte kraftinntekter krev tydelegare økonomiske prioriteringar

Brukarar og innbyggjarar i kommunen er vant til eit høgt servicenivå, og det er utfordrande å fjerne gode.

Behov for nye investeringar med tilhøyrande ressursar til drift må vurderast strengare og ynska investeringar må gjennomførast over eit lengre tidsrom.

Evt. reduksjon av tenestenivået på grunn av kommuneøkonomi vil gje konsekvensar for arbeidsplassar i kommunen

Kommunen har likevel ein kommuneøkonomi som gir handlingsrom til å drive innovasjon og endringsorientering

Einsidig, sesongbasert og konjunkturutsett næringsliv

Stor del av næringslivet er knytt til utbygging og vedlikehold av fritidsbustader og tilbud og tenester innanfor reiseliv. Mange lågtlønte i desse næringane gir sårbarheit for konjunktursvingingar.


Sesongbasert arbeidsliv, krevjande å skaffe heilårsarbeid særleg innan reiseliv.

Låg lønnsemd i næringsliv med berre lokal marknad

Avstand til sentrale arbeidsmarknader stiller større krav til arbeidsmarknaden lokalt

Bykle sin status som fritidsarena for Kristiansand gir potensiale for større etableringar og nye næringar

Mangel på eigna bustader sentralt tema for næringslivet på Hovden





Lite næringsareal er ferdig opparbeid, men nytt, større område ved Tykkås utgjør eit stort potensiale

330 daa næringsareal vert regulert ved Tykkås. Opparbeiding er førebels ikkje finansiert, men samarbeid mellom kommunen og AS Sætersdalen om opparbeiding kan vere aktuelt. Dette utgjør hovudtomtereserven for næringsareal i Bykle

12 daa kommunalt næringsareal ved Hartvann er planlagt ferdig opparbeidd i 2024

3 daa byggeområde næring/fritidsbustad regulert på Hovden vest. Privat gjennomføring. Elles lite ledig næringsareal på Hovden

Korleis sikre tilstrekkeleg andel kommersielle einingar og berekraftige konsept som styrkar destinasjonen er eit viktig tema i mange planar på Hovden

Undersøking blant næringsdrivande i Bykle syner at tilgang på næringsareal og riktig areal på rett stad blir trekt fram som ei utfordring

Behov for omstilling av næringslivet til krav til berekraft

Utvikling av Hovden som reiselivsdestinasjon må forhalde seg til krav til miljømessig berekraft og omsyn til naturverdiar.

Klimaendringar og press på natur ein av dei største utfordringane for reiselivet nasjonalt og truleg lokalt framover

Omfattande hyttebygging er grunnlag for mykje av næringslivet. Redusert hyttebygging vil påverke lokalt næringsliv

Små og store bedrifter vil møtast med krav til berekraft i anbod og sannsynlegvis meir bevisstheit hjå forbrukarar

Tilgang på grøn energi godt utgangspunkt for omstilling og nye etableringar. Mangel på kraftkrevjande industri gjer at kommunen ikkje utnyttar fortrinn med konsesjonskraft. Med høgare lokalt forbruk aukar konsesjonskraftinntektene. Meir tilgang og bruk eigen kraft ei utfordring.

Det er få større etableringar som spelar på fortrinna innafor kraftproduksjon og stadbundne fortrinn innan natur, kulturarv, teknologi og breidde i kompetanse/nye framveksande næringar. Dette gjer det utfordrande å ta del i det grønne skiftet.





Kommunen som utbygger og eigedomsutviklar påverkar marknaden for private aktørar

Kommunen har ei aktiv rolle i bustadutbygging og eigedomsutvikling for å sikre bustad- og næringsareal. Tilbyr økonomisk støtte for bustadbygging på kommunale tomter.

Når kommunen tar eit ansvar for bustadmarknaden utover det bustadsosiale, påverkar dette private sine høve til å iverksette økonomiske lønsame prosjekt

Dette fører til at det ikkje er tilbod og etterspurnad som styrer bustadmarknaden, og det hindrar private aktørar i å etablere seg.




Tomtesalg: Frykter usaklig forskjellsbehandling



1 / 5

SOLGTE FEM TOMTER: Oljearbeider Endre Haukelid på Tonstad kjøpte seg et lite småbruk i 2016 for å utvikle Deknen boligfelt. Før feltet stod ferdig hadde han solgt fem tomter, men etter at Sira-Kvina fant ut at de skal selge sine boliger og at Sirdal kommune skal selge tomter på Knausane, ble det fullstendig stopp i tomtesalget på Tonstad. Foto: Svein Løvland



Bykle kommune
Bykle ser langt

Utviklingstrekk

Samfunnstryggleik og beredskap



Manglande aktivering av jordbanken

Nasjonale forventningar om å styrke jordvernet av omsyn til matforsyning som del av samfunnstryggleiken

Nasjonal trend med svekka økonomi i landbruket rammer marginale landbrukskommunar som Bykle med få gardar i drift særskilt.

Mykje av dyrkbar jord er små og bratte teigar og eignar seg best til beite. Mange av områda er verdifulle kulturlandskap som ikkje skal sprøytast/gjødslast (utvalt naturtype).

God maskinjord er mangelvare, og dermed tilgang på vinterfôr til husdyr som kan halde kulturlandskapet i hevd.

Nydyrking krev ofte oppdyrking av myr. Nydyrking av myr er som hovudregel ikkje tillatt av omsyn til klima.

Krav om driveplikt kan vere krevjande der jorda er tungdreven.

Det manglar ein samleorganisasjon for bøndane. Beitelag og liknande dekker fleire kommunar.

Det ligg moglegheiter i ny teknologi, nye plantesortar og klimaendringar og nye organiseringsformer som andelslandbruk.



Klimaendringane fører til meir ekstremver

- Svært sannsynleg utvikling for Agder:
 - Episodar med kraftig nedbør vil auke vesentleg både i intensitet og hyppigheit
 - Fleire og større regnflaumar og auka flaumvassføring i mindre bekkar og elvar
 - Auke fare for jord-, flaum og sørpeskred på grunn av auka nedbørsmengder

SANNSYNLIG ØKNING	
 Ekstrem nedbør	Det forventes at episoder med kraftig nedbør øker vesentlig både i intensitet og hyppighet. Dette vil også føre til mer overvann
 Regnflom	Det forventes flere og større regnflommer, og i mindre bekker og elver må man forvente en økning i flomvannføringen
 Jord-, flom- og sørpeskred	Økt fare som følge av økte nedbørmengder
 Stormflo	Som følge av havnivåstigning forventes stormflonivået å øke

MULIG SANNSYNLIG ØKNING	
 Tørke	Det forventes ikke økning i sommernedbør, og høyere temperaturer og økt fordampning gir derfor økt fare for tørke om sommeren
 Isgang	Kortere isleggings sesong, hyppigere vinterisganger samt isganger høyere opp i vassdragene. Nesten isfrie elver nær kysten
 Snøskred	Med varmere og våtere klima vil det oftere regne på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred og øke faren for våtsnøskred i skredutsatte områder
 Kvikkleireskred	Økt erosjon som følge av kraftig nedbør, og økt flom i elver og bekker, kan utløse flere kvikkleireskred

SANNSYNLIG UENDRET ELLER MINDRE	
 Snøsmeltelom	Snøsmeltelommene vil komme stadig tidligere på året og bli mindre mot slutten av århundret

USIKKERT	
 Sterk vind	Trolig liten endring
 Steinsprang og steinskred	Hyppigere episoder med kraftig nedbør vil kunne øke hyppigheten av disse skredtypene, men hovedsaklig for mindre steinspranghendelser
 Fjellskred	Det er ikke forventet at klimaendringene vil gi vesentlig økt fare for fjellskred



Auka risiko- og sårbarheit

Auka fare for uønskte hendingar for samfunnsviktig infrastruktur som konsekvens av klimaendringar; vasskraft, hovudvegnett, kraftforsyning mv. Denne infrastrukturen blir handtert av andre enn kommunen.

Hyttebygging krev stadig meir av kommunens tekniske infrastruktur. Utvikling av nye hytteområde er ikkje alltid koordinert med plan for utbygging av kommunalt vann og avløpsnett. Det fører til auka risiko for kollaps eller utfordringar med levering av tekniske teneste.

Somme planlagde byggeområde rører ved aktsemdsonar for naturfare som flaum og ras. Kommunen har ansvaret for å unngå at det opnast for utbygging i farlege område, men har gode rutinar i arealplanlegginga.

Bykle har eit robust apparat for krisehandtering.

